

Fylkeseldrerådet i Hordaland
Agnes Mowinckelsgt 5
5008 Bergen

Hordaland Fylkeskommune v/ SKYSS
Pb 7900
5020 Bergen

Bergen 7/12-2017

Vedr. Svar på henvendelse fra Fylkeseldrerådet om behovet for servicelinjer ”på tvers” i bydelene”

Fylkeseldrerådet viser til svar frå SKYSS på rådet sitt brev om trong for servicelinjer ”på tvers” i bydelane.

I svarbrevet syner SKYSS mellom anna til at når transportmiddel og haldeplassar blir oppgraderte til å fylla krava til universell utforming, vil det bli mindre trong for servicelinjer tilrettelagde for rørslehemma.

Slik Fylkeseldrerådet ser det, er servielinetilbod på tvers av rutenettet, ikkje berre ei tilrettelegging for eldre og rørslehemma, men eit tilbod for å bøte på manglande kollektivtilbod i enkelte område, for eksempel i området Fjøsanger-Bønes. I dette spesielle området er det slik at det ikkje er kollektivtilbod på tvers av Bergensdalen sjølv om enkelte servicetilbod skal tene begge dalsidene.

Fylkeseldrerådet vil peike på at det blir lagt meir og meir vekt på at dei eldre skal bu heime og klara seg sjølve så lenge som mogleg. Det inneber til dømes at mange då er så gamle at dei ikkje kan køyra bil meir, og er blitt avhengige av eit kollektivtilbod i nærområdet for å kunna utføre naudsynte ærend i lokalområdet sitt.

Fylkeseldrerådet vonar at SKYSS påny vil sjå på om det ikkje er mogleg med ei servicerute på tvers i Bergensdalen.

Venleg helsing

Kåre Ystanes
Leiar Fylkeseldrerådet i Hordaland